

# Årsmelding 2024

## Ytre Arna sokn



Ytre Arna kyrkje 125 år!

Foto: Geir M. Strand, BT



DEN NORSKE KYRKJA

## Arbeidet i Ytre Arna sokneråd

Soknerådet har i 2024 arbeidd med 125-års jubileet til kyrkja vår. Me ynskte å ha ei skikkeleg markering av jubileet. Feiringa gjekk over 1 1/2 veke. Me starta i kyrkja med temakveld med biskop Ragnhild og prost Leif Endre Grutle. Emnet var «Tankar om tvil og tru». Eva Marie S. Toppe spelte hardingfele og song inni mellom samtalen. Ein fin kveld.

Organist Jørn Skauge hadde ansvar for jubileumskonserten nokre dagar seinare. Zhala Aliyeva spelte cello. Ein flott konsert med dyktige utøvarar.

Neste post på programmet var musikalen «Du er unik». Eit samarbeid mellom Arna og Ytre kyrkjer og framført i Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna. Det var fullt hus og flinke barn og ungdomar som framførte musikalen.

Jubileumsgudstenesta, markerte og hausttakkefest, og vart gjennomført med prost Leif Endre Grutle og Ingvar Fløysvik.


Etterpå vart det servert lapskaus, kaffi og kaker i kyrkjelydshuset.




Soknerådet eig og driftar kyrkjelydshuset. Me har gjennomført basar til inntekt for huset og elles arbeider me med oppgradering, men det er ikkje lett med lite pengar.

Takk til alle frivillige medarbeidarar som bruker fritida i fellesskapet i Ytre Arna kyrkjelyd.


*Jorunn Haukås, leiar i soknerådet*



Jorunn Haukås  
Leiar i soknerådet



Ingvar Fløysvik  
Sokneprest



Marianne W. Fanebust  
Dagleg leiar



# Gudstenesteliv

## **Gudstenester**

I Ytre Arna har me i hovudsak gudsteneste annakvar veke. Dei andre vekene – utanom i sommarferien og rundt jul – er det sundagssamling skiftevis på dei to bedehusa i soknet. Me har hatt forsongarar på dei fleste gudstenestene. Ytre Arna Vokal og barne- og ungdomskoret Non Stop Singing har vore med oss på fleire gudstenester. Arna- og Ytre Arna kyrkjekor har delteke på to gudstenester. Me har hatt gudstenester for store og små, samtalegudsteneste, konfirmasjonar, konfirmantpresentasjon, utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4- og 6-åringane, invitert 50-års-konfirmantane til ei gudsteneste med middag etterpå, og hatt lysmesse. Julaftan hadde me to gudstenester for små og store. På den første var Arne Musikforening med, på den andre Non Stop Singing.

Me ynskjer å ha sundagsskule i samband med alle gudstenester utanom gudstenestene for små og store, både for den verdien det har for borna sjølve, og slik at det vert lettare for familiar å delta i gudstenestene. I 2024 har det diverre ikkje lukkast å få nokon til å ta seg av sundagsskulen, og dette viktige arbeidet har difor lege nede.

Sundag 6. oktober feira me 125-årsjubileum for Ytre Arna kyrkje. Alle kora deltok, og prost Leif Endre Grutle preika. Både tidlegare og noverande medarbeidarar kom fram og vart presenterte. Etter gudstenesta bad soknerådsleiaren inn til heimelaga lapskaus i kyrkjelydshuset.

Me hadde òg fleire arrangement i samband med jubileet: Konsert med organist Jørn Skauge, cellist Zhala Aliyeva og Ytre Arna vokal, musikalen «Du er unik» i kulturhuset Sentrum, lokalt komponert og med born og unge frå bydelen som skodespelarar, og temakveld med biskop Ragnhild Jepsen og prost Leif Endre Grutle – med songinnslag av kvedar Eva Marie Toppe.

## **Bibeltimar**

Saman med dei to indremisjonslaga i soknet har me hatt sju bibeltimar i 2024, tre av dei i kyrkja ved sokneprest Ingvar Fløysvik. Somme gonger har det vore to timar med ein kaffipause mellom, andre kveldar éin med kaffi etter. Bibeltimemaldarane har bestemt emne.

## **Cellegrupper**

Saman med indremisjonslaga på dei to bedehusa i soknet har kyrkjelyden hatt fem cellegrupper/ bibelgrupper. To av dei plar samlast annakvar veke, dei andre fire-fem gonger i halvåret. Fleire av gruppene har nok vore samla sjeldnare dette året, nokre har vore lite i funksjon.

*Sokneprest Ingvar Fløysvik*

# Noa open barnehage

Dette året har vore prega av blanda kjensler; gleder over fantastisk fellesskap blant foreldre og barn, og kampen for å overleve økonomisk.

Året starta med at Bergen kommune v/Barnehagemyndigheita innbad til fagdag for opne barnehagar i januar, med tema formidling for barn med ulike språk. Barnehagane fekk fine bøker i gåve.

Kort tid etter kom nedturen med forslag om omberegning av bemanningstilskotet, og deretter kuttforslag. Styrar var i møte med byråden for barnehage og oppvekst og oppvekstkomiteen, og deltok i deputasjonsmøte. Nettverket for opne barnehagar (Nåbo) der styrar er leiar, har arbeidd mykje med denne saka.



Mellom desse slaga har kvardagen i Noa gått sin gang, tre dagar i veka. Oppmøtet har variert etter sjukdomsbølger, ver og føre. Leik, sangstund og felles lunsj er fast program. 26. januar hadde Noa ope ein fredag det var planleggingsdag for barnehagar og skular. Mange tidlegare brukarar stakk innom, og det var fullt hus og stor gjensynsglede. Jorunn serverte varme ostesmørbrød til lunsj.

Leik er ein viktig del av dagen i Noa. I tillegg har vi hatt aktivitetar som forming, matlaging, baking av rundstykker og lefser, laga julekrans med meir.

Ein populær aktivitet på vårparten er å så frø, og noko vart planta på leikeplassen.

I april var barne- og familieminister Kjersti Toppe på besøk i Ytre Arna. Ho fekk vaflar og kaffi i Noa, og mange syntes det var stas å helse på henne.

17. mai vart feira på førehand med rømmegraut og is.

I juni var Noa med på piknik med sangstund og leik i Nygårdsparken saman med dei andre opne barnehagane i Bergen og omegn.

Dei kristne høgtidene har vore markert med blant anna påskevandring og julevandring (bilder) i kyrkja.

Om lag ein gong i månaden har vi hatt sangstund i kyrkja saman med organist Jørn. Dette er kjekke utflukter for dei små, og det er fint å byte litt på lokala.



Vi laga og til bursdagsfest for å markere kyrkja sitt jubileum. Denne dagen kom Bergens Tidende på besøk for å skrive om budsjettkutt i kommunen. Kort tid etter var Bygdanytt på døra i same anledning. Eivind Skår i Arna KrF kom for å vise si støtte og snakka med både avisa og foreldra i Noa.

### Bokpakke

I september fekk Noa besøk frå Arna Mållag som hadde med flott gåve til Noa – ei bokpakke med songbok og fleire barnebøker på nynorsk. Dei laga og til gratis kurs for barnehagetilsette, ein kjekk og nyttig ettermiddag med middag og godt fagleg innhald.

### Generasjonsmiddag

siste onsdag i månaden har vore populært. Mellom 20 og 50 personar har kome for å ete heimelaga middag med noko godt til kaffien. Lesestund med is har vore eit høgdepunkt for barna. Det er fint å samle fleire generasjonar, noko mange gjev uttrykk for. Samtidig er det krevjande å lage til, og Jorunn (soknerådsleiar) har lagt ned ein enorm innsats med innkjøp og matlaging.



### Tilsette dette året:

Møyfrid Opheim – styrar/pedagogisk leiar/vask  
Ailine Lingnau – vikar/ekstrahjelp assistent  
Jorunn Haukås – vikar/vask/matlaging  
Malin Hjortland – vask (1. halvår)

*Møyfrid Naterstad Opheim, styrar*

*Bilder brukt med samtykke.*

*Foto MNO*



### Non Stop Singing

Er eit kor for born og unge frå 1.klasse og oppover. Koret øver i kyrkja kvar onsdag kl.17.30-18.30. Rundt ti stykke i alderen 6 til 16 år. Koret syng i kyrkja på gudstenester for små og store, og på julaftan. Koret song og på julefest på Haugland bedehus i romjula. Leiarar er organist Jørn Skauge og Marianne Vevle Hjortland.

# Trusopplæring

Våren 2024 var Margreta Myklebust vikar i trusopplæringsstillinga. Marianne Hjortland starta opp at i stillinga i august. Hausten 2024 har det vore fokus på å oppdatere planen for trusopplæring slik at den skal stemma best mogleg overeins med tiltaka vi har i dag.



## Dåp

Dei tre borna som vart døypte i Ytre Arna kyrkje fekk namnet sitt på eit dåpshjarte. Hjarto heng på dåpstreet i kyrkja og vert delt ut på ei gudsteneste i februar 2025.

## Dåpskontaktar

Vi samla dåpskontaktane ein kveld i byrjinga av året. Der lagde vi til ei gåve til alle dei som har 1 års dåpsdag og 2 års dåpsdag i løpet av året. Det er 7 dåpskontaktar no, dei har ansvar for å dela ut desse gåvene.

## Barnesong

Vi har barnesong i Noa. Her er Møyfrid (ped. leder) ansvarleg. Det er songsamling kvar dag barnehagen er open. Nokre gonger i halvåret har det vore songsamling i kyrkja med både Møyfrid og Jørn som er organisten vår i Ytre Arna.



## Krøllesamling

Samling i kyrkja for 3-åringane. Dei fekk høyre forteljinga om sauene som gjekk seg vill. Alle borna fekk kvar sitt tøylam. Oppmøteprosent: 25%.

## Utdeling av 4- og 6-årsbok

Vi har hatt utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok på gudsteneste for små og store. På utdeling av 4-årsbok hadde vi 55% oppmøte, noko som er lågare enn tidligare år. På utdelinga av 6-årsboka hadde vi 79% oppmøte.

## Samling for 5-åringar

Julespelet vart i år erstatta av musikalen «Du er unik».

## LysVaken

Vi har hatt LysVaken for 11 åringane. Vi hadde 16 som overnatta i kyrkja saman med ein vaksen og tre ungdomsleiarar. LysVaken vart avslutta med gudsteneste for små og store. Kjempebra oppmøte på LysVaken i år med 84%.

Vi har hatt eit flott trusopplæringsår og satsar på å få endå betre oppmøte i 2025.

*Marianne Hjortland, trusopplærar*

## DU ER UNIK MUSIKAL



### Musikal «Du er unik»

Arna og Ytre Arna kyrkjelydar sette opp ein musikal saman. Det starta med evaluering av julespelet som har vore utanfor Arna kyrkje. Det var eit ynske å samle til noko meir. Margreta Myklebust har bore på ein draum om å lage ein musikal basert på boka til Max Lucado «Du er unik». Øvingane byrja med eit felles måltid, vidare ulike grupper med drama, dans, familiekor og kulisser. Tysdagane i vår- og haustsemesteret var det mykje aktivitet i kyrkjelydshuset i Arna. Soul Children og Non Stop Singing vart involvert, men øvde på eiga hand.

I samband med Ytre Arna kyrkje sitt 125-årsjubileum vart det invitert til ei storslått framsyning i Kulturhuset Sentrum laurdag 28. september. Det var fullt hus og enormt positiv respons. Barna uttrykte at det var trist at musikalen var slutt, barn og ungdom hadde fått eit veldig fint samhald.

*Gro Eman, kateket i Arna*

## Barn og unge

### Samarbeid med barnehagar

Alle barnehagane i Ytre Arna vart inviterte til påske- og julevandring i kyrkja. Kidsa Festtangen kom med éi gruppe til påske og fire grupper til jul. Ytre Arna barnehage kom med to grupper til jul. Noa open barnehage deltok både til jul og påske. På påskevandringane deltok presten saman med soknerådsleiaren. På julevandringane deltok prest, organist og trusopplærar.

### Samarbeid med skulen

Øg i år har me hatt julevandringar med Ytre Arna skule. Dei to føregåande åra har me hatt ein stasjon i utmarkene utanfor Betlehem og ein inne ved krubba. I år ynskte skulen å aktivisera borna meir, så me hadde fire stasjonar: Vismennene, krubba, å teikna noko frå kyrkja og å skriva ned bønne- og takkeemne. Bøneemna la elevane ned i ei krukke. Denne krukka vart teken med i forbøna juledag. Takkeemna skreiv dei på raude hjarte, som vart hengde i lekkjer langs begge sideveggene i kyrkjeskippet. Til slutt samlast borna frå alle stasjonane og song julesongar. Skulen kom fordelt på tre grupper, stort sett etter årskull. Frå kyrkja deltok prest, organist, trusopplærar, diakon og soknerådsleiar.

*Ingvar Fløysvik, sokneprest*



# KONFIRMANNT

Våren 2024 hadde me 18 ungdomar som førebudde konfirmasjonen hjå oss og vart konfirmerte i Ytre Arna kyrkje. Då hadde ein i løpet av året valt å gå over til eit opplegg i den katolske kyrkja. Hausten 2024 har me hatt 18 innskrivne konfirmantar.

## Nokre viktige datoar i 2024:

17. mars	Samtalegudsteneste
20. mars	Fasteaksjon
28. april og 5. mai	Konfirmasjon
25. august	Konfirmantpresentasjon
25. - 27. oktober	Konfirmanthelg på Gullbotn konferansesenter
1. desember	Lysmesse.



## Konfirmantleiarar våren 2024:

Sigurd Lian, Jorunn Haukås, Mina Endresen Hekland og Ingvar Fløysvik. Ungdomsdiakon Maria Aasheim Grosås har vore med når ho har hatt høve til det. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

## Leiarar hausten 2024:

Jorunn Haukås, Maria Aasheim Grosås, Helga Tysvær Fløysvik, Elina Riise, Kristin Matos, Peter Lund og Ingvar Fløysvik. Ole Petter Livden hadde undervisninga på ein av kveldane i vår, Astrid Husdal og Thor Haavik har hatt undervisninga kvar sin gong i haust. På kjøkkenet dei stabile: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås. I tillegg har Daniel Askeland Leknesund vore med nokre gonger. På konfirmanthelga i haust deltok William Grosås. I tillegg var Daniel Askeland Leknesund og Kjellaug (venninne av Linda) med på kjøkkenet. Ho hadde lang kantineerfaring og var til god hjelp.



Øg i år har me brukt Tentro (frå Pinse Ung) med dei tillegg og tilpassingane me treng. Konfirmantane får utdelt Bibelen og ein perm med blant anna konfirmantarka for kvart emne og Den vesle katekisma. Nytt i år er at me har prøvd, med vekslande hell, å knyta stoffet til perlene i Kristuskransen. Me har samlast annankvar onsdag i kyrkjelydshuset. I haust har heile samlingane stort sett har gått føre seg i hovudsalen (det vil seia: Me har ikkje gått til grupperom). Me har prøvd å skapa variasjon ved quizar, leikar og liknande. Så har me, slik som før, avslutta med litt å bita i. Konfirmantane skal òg vera med på minst åtte gudstenester i løpet av konfirmantåret. Me hadde organist Jørn Skauge med på ei samling sist i november og øvde inn songar til lysmessa. I tillegg song me ein del på konfirmanthelga.

Alle konfirmantane (i grupper på tre) får oppgåver på to gudstenester i året, til dømes lesa tekst, assistera ved dåp, ynskja velkomen i døra, køyra lysbiletepresentasjon osv. Alle konfirmantane har vore med på lysmessa. Samtalegudstenesta legg vekt på deltaking og ikkje overhøyring. Dei leverer i staden eit 4-siders skriftleg arbeid der dei skriv om spørsmål knytte til emna me har arbeidd med gjennom året. Konfirmanthelga er ein viktig del av konfirmantopplegget. Òg i år var me samla på Gullbotn konferansesenter. William Grosås gav oss mange nye idear for korleis me skulle leggja helga opp.

Konfirmantarbeidet er eit viktig arbeid der me får rikeleg høve til å så Guds ord i unge hjarte.

*Ingvar Fløysvik, sokneprest*

## Kyrkjemusikalsk arbeid

I året 2024 har organisten spelt orgel og flygel/piano på ulike stadar som Ytre Arna kyrkje, Arna kyrkje, Arna Helseheim, Takvam kapell og Haugland bedehus. Han har spelt på mange ulike arrangement som gudstenester, andaktar, gravferder, barnesong, barnekor, bispebesøk, julevandringar, juletreffest og konsertar.



Barnesong er eit tilbod for borna og foreldra som besøker Noa open barnehage, omlag ein gong i månaden. Då går styraren av den opne barnehagen med born og foreldre frå kyrkjelydshuset og bort til kyrkja, og får opplevd song og musikk med organisten.

Non Stop Singing er kyrkjelyden sitt kor for barn og unge og vert leia av organisten og trusopplærar. Det har vorte brukt på fleire gudstenester opp igjennom året. Det er øving ein gong i veka, unnateke skuleferiane.

Koret Ytre Arna Vokal har som vanleg delteke på konfirmasjonsgudstenestene i tillegg til fleire andre gudstenester opp igjennom året.

Organisten har hatt ansvar for å skaffa forsongarar til gudstenestene. Forsongarar er hyrt inn på frivillig basis, men likevel har anten dei eller kor vore tilstades på så godt som alle gudstenester opp igjennom året. Nokre av forsongarane syng fast i kor, og dei øver som regel med organist før gudstenesta tek til.

I løpet av året har kyrkja hatt nokre konsertar. Det har vorte hyrt inn eksterne solistar som har vore med. Det var ein konsert med Grieg sin firhendige pianomusikk av Edvard Grieg i vår. Me har også høyrd ifrå Griegs sonate for cello og piano på konsert i haust.

Ytre Arna kyrkje har blitt 125 år og er blitt feira med fleire ulike arrangement. I jubileumsgudstenesta var, i tillegg til den faste organisten og presten, prosten og organisten ifrå Indre Arna med, samt kora Non Stop Singing og Ytre Arna Vokal. Dette var ei stor feiring. I tillegg var det ein jubileumskonsert. Biskopen og prosten hadde ein kveld der dei snakka om tvil og tru. I tillegg feira også Noa open barnehage jubileet med barnesong.

Foto frå jubileumskonsert fredag 27. september. Sang av Ytre Arna Vokal, Jørn Skauge på piano og Zhala Aliyeva på cello.

*Jørn Skauge, organist*

### Ytre Arna Vokal

Er eit blandakor for vaksne opp til 60 år som øver i Ytre Arna kyrkje. Koret deltek på gudstenester gjennom året. Koret feira 10 års jubileum med flott konsert 9. juni. Det var tradisjonell julekonsert 19. desember. Etter at dirigent Bjørn Bergmann sa opp stillinga si som kantor i Ytre Arna, var han 15% vikar i korarbeidet tom. 2023. Leiar er Anita Brattaule Frekhaug. Koret har eige org.nr. og rekneskap.

# Arna og Ytre Arna kyrkjekor



## Styret

Leiar	Alice Bjørnestad
Nestleiar	Kirsti Rolland
Kasserar	Marianne Fanebust (kyrkjekontoret. Ho fører regnskap for kora)
Skrivar	Ann Helen Heggstad Folkvord
Ansvar servering	Kirsti Rolland på våren, Kirsten Grøteide og Astrid Hagebø på hausten.
Styremedlemer	Julie Kristiansen og Jan Kåre Jakobsen
Valkomit�	Per Bjarte Hjellum og Tor N�v�dal
Dirigent	Kantor i Arna, Olav Arne Steinkopf

## Program v ren 2024

Deltaking p  gudstenester:

- Ytre Arna kyrkje: 1 ordin r gudsteneste.
- Indre Arna kyrkje: 2 ordin re gudstenester, 1.p skedag og 1.pinsedag.
-  rsfest for Kyrkjesangforbundet med konsert i Johanneskirken.
- Fredskonsert
- Formiddagsm te p  Bedehuset i samband med Kulturdagane i Arna.
- Salmekveld i Arna kyrkje i samband med Kulturdagane i Arna.
-  rsm te 08.02.2024. Leiar Alice Bj rnestad var p  val, og tok attval.
- Det vart informert om «Stallgudstenester» for NRK det neste  ret i Arna kyrkje.
- 16 ordin re  vingar
- Avslutning med enkelt program og god mat.

## Program hausten 2024

Deltaking p  gudstenester:

- Ytre Arna kyrkje: Jubileumsgudsteneste i samband med kyrkja sitt 125  rs jubileum
- Indre Arna kyrkje: 1 ordinasjonsgudsteneste, allehelgensmesse, NRK-gudsteneste med framf ring av deler av «Visst skal v ren komme», juledagsgudsteneste.
- Julekonsert/ Luciakonsert 12.desember
- Avslutning 13. desember.

Ant. aktive medlemmer i koret ved slutten av haustsemesteret: 19

*Ann Helen Heggstad Folkvord, skivar*

# Diakoni

Diakoni er kyrkjens omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.



## Generasjonsmiddag

Ein onsdag i månaden innbyr soknerådet og Noa open barnehage til middag og fellesskap for alle generasjonar! Mellom kl 14 og 17 vert det servert god heimelaga middagsmat med noko søtt attåt. Og det kanskje aller viktigaste for mange – den gode praten – får ein på toppen! Barna kan leike og ha det kjekt både inne og ute. Maten er gratis. Det er ingen påmelding, her er det berre å kome!

## Møteplassen

Eit nytt treffpunkt i Ytre Arna som starta opp hausten 2024. Møteplassen er eit samarbeid mellom kyrkjelyden og Ytre Arna Sanitetsforening. Ein måndag kvar månad kl.12-14. Ein plass å samlast med prat, kaffi og kanskje handarbeid.

## Open kyrkje

Kyrkja er open kvar onsdag mellom kl.11.30-13.00. Ein kan koma inn og tenne eit lys, eller berre sitja og nyta freden.

## Ungdomsdiakon

Ungdomsdiakon i Ytre Arna deler sin stilling med Arna, 50% i kvart sokn. Samtaletilbodet 13-20 har i 2024 møtt mange ungdom til enkeltamtaler, og i grupper gjennom konfirmantarbeidet og leir.



Ungdomsdiakon har deltatt på konfirmantleir, enkelte andre konfirmantarbeidsarrangement og ungdoms-arrangement. Videre har ungdomsdiakon arbeidet med tilbodsetablering, tilbodsformidling og nettverksbygging, samt vore med å drive byomfattande sorggruppearbeid for barn og unge. Det er vanskeleg å skilja ut tal, men totalt har ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna gjennomført 120 enkeltamtaler, i tillegg til oppfølging av foreldre og nettverk. I samtalenene får ungdomane koma og snakke om det som ligg ein på hjartet, alt frå store utfordringar til det som berre er fint.

Ungdomsdiakonane som jobbar i 13-20 ynskjer å vere vaksne med tid, og vi opplever stor takksam for at vi er det. Både frå ungdom og foreldre.

Foto frå arrangementet «Finn sammen for ungdommen» - i regi av Bergen kommune 2. desember 2024.

*Maria Aasheim Grosås, ungdomsdiakon*



## Misjonsprosjektet

Ytre Arna kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt er China Lutheran Seminary i Hsinchu, Taiwan. I 2024 ble det samla inn kr 22.200 i takkoffer og givarteneste som er sendt til seminaret.

Taiwan, offisielt Republic of China, er ein moderne republikk, ein folkerik øystat med 23,5 mill. menneske. Det er rundt 5,5% kristne, litt fleire protestantar enn katolikkar. Seminaret utrustar menneske til å forkynna evangeliet. Dei som vert utdanna der står i ei verd der dei fleste er opptekne av å tena pengar eller dyrkar andre gudar. Studentane vert utrusta til å byggja opp kyrkjelydar i dette miljøet og forkynna gledebodet om frelsaren som er komen, til menneske som ikkje kjenner han.

	<b>中華信義神學院</b> China Lutheran Seminary		No. 1140191 財團法人基督教中華信義神學基金會 China Lutheran Theological Foundation, Inc. 法人登記證臺登記簿第九冊第二九頁第二〇二號 統一編號：98273406 郵政劃撥：0112188-1
<small>30080 新竹市東區大學路51巷11號 Tel: 886-3-5711029 Fax: 886-3-5711028 #11, Lane 51, Tahsueh Rd., Hsinchu, 300, Taiwan</small>		<small>CHINA RECEIPT</small>	
茲收到： Received From	Ytre Arna Sökn		
金額： Amount	USD1,903.03		
項目： For	USD 1,903.03	擴建經費 Campus Development	0.00
日期： Date	23-Jan-25	經手人： Received By	
備註： Note			
<small>本收據可供您作綜合所得稅列舉扣除抵減之用。</small>			

## Fasteaksjonen

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp har tittelen «Håp i ein droppe vatn». Kirkens Nødhjelp arbeider med naudhjelp i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera naud og fattigdom i verda.

Den årvisse innsamlinga var onsdag 20. mars i regi av soknerådet. Takk til konfirmantane som gjekk med bøssene.



# Ytre Arna sokneråd

## Medlemer 2023-2027

Jorunn Haukås	leiar, arbeidsutvalg, fellesrådsrepresentant
Thor Kalland	nestleiar, arbeidsutvalg, fellesrådsrepresentant
Jan Olav Lien Hansen	
Vigdis Loftås	
Egil Landøy	
Marianne Vevle Hjortland	
Terje Angeltveit	varamedlem
Ingvar Fløysvik	sokneprest

Soknerådet hadde 9 møter i 2024, inkl. strategisamling saman med dei tilsette i januar.  
Ytre Arna sokn sitt årsmøte for 2023 vart avhalde 17. mars 2024.

## Tilsette

Sokneprest	Ingvar Fløysvik	100 %	
Kyrkjetenar	Monica Ohr	100 %	Arna/ Ytre Arna
Ungdomsdiakon	Maria Aasheim Grosås	100 %	Arna/ Ytre Arna
Organist	Jørn Skauge	50 %	
Styrrar Noa open bhg.	Møyfrid N. Opheim	50 %	
Trusopplærer	Margreta S. Myklebust	30 %	1. halvår
Trusopplærer	Marianne V. Hjortland	30 %	2. halvår
Kyrkjetenar	Jorunn Haukås	deltid	
Dagleg leiar	Benthe Vevle	100 %	1. halvår, Ytre Arna/ Bkf
Dagleg leiar	Marianne W. Fanebust	100 %	2. halvår, Ytre Arna/Arna
Reinhald, k.hus	Møyfrid N. Opheim	8 %	
Reinhald, k.hus	Malin Hjortland	4 %	1. halvår
Assistent Noa, reinhald	Jorunn Haukås	etter avtale	
Assistent Noa	Ailine Lingnau	etter avtale	

# Statistikk

## Ytre Arna sokn

**Talet på medlemmer** 0-100 år 1653 medlemmer, 54 % av befolkningen (3069 i 2023).  
0-18 år 264 medlemmer

**Innmelding** 1

**Utmelding** 4

Ytre Arna sokn	2019	2020	2021	2022	2023	2024
døypte*	18 (14)	18 (?)	13 (9)	19 (13)	14 (11)	9 (4)
konfirmerte	25	20	12	24	20	18
vigsel	2	1	0	2	2	1
gravferd**	11 (6)	25 (12)	22 (10)	16 (10)	23 (13)	19 (7)
gudstenester	30	33	46	31	36	34
snitt delt. gudst.	78	45	29	66	54	57

\* tal i parentes: døypte i Ytre Arna kyrkje.


\*\* tal i parentes: gravferdene vart forretta i Ytre Arna kyrkje.

## Kommunikasjon

### Kyrkjebladet

I 2024 har me halde fram med eit eige blad for Ytre Arna og Arna sokn. Bladet kom ut i tre nummer, eit til påske, eit etter sommaren og eit i november. Alle nummera hadde 16 sider. Bladet har hatt eit opplag på 5700, av dei 4400 i Arna og 1300 i Ytre Arna. Nummer 2 vart trykt i 100 ekstra eksemplar med tanke på kyrkjejubileet i Ytre Arna. Ruth Sofie Steinsland er konsulent med ansvar for formgjevinga av bladet.

Gode sponsorar dekt ein stor del av utgiftene til bladet dette året. Bladet vert distribuert fysisk til alle husstandar i dei to sokna og er dessutan å finna på Ytre Arna sokn si nettside.



Redaktør for bladet har vore Møyfrid N. Opheim. Elles har redaksjonen vore: Kristin Haukås (1. halvår) og Erik Rodal frå Arna og Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik frå Ytre Arna. Redaksjonen har hatt møte før kvar utgjeving. I tillegg har redaksjonsnemndene for dei to sokna møtst kvar for seg når det har vore trong for det.

*Ingvar Fløysvik, redaksjonsleiar*

### Mottak og distribusjon

Kyrkjebladet vert trykt hos Unigrafisk AS på Arnatveit. Helge Bognøy leverer blada til bladboda. Nesten alle husstandar i Ytre Arna får Kyrkjebladet heim i postkassen.

### Nettsida og Facebook

[kyrkja.no/ytrearna](http://kyrkja.no/ytrearna)

[facebook.com/ytrearnakyrkje/](https://facebook.com/ytrearnakyrkje/)

# Bygg

## Kyrkja

Bergen kirkelige fellesråd er ansvarleg for drift og vedlikehald. Driftsteknikar frå Akasia, Bjarte Husa, gjer ein god jobb. Akasia Renhold AS står for reinhald i kyrkja.



Ytre Arna kyrkje stod ferdig i 1899. 125 års jubileet vart markert på hausten. I det høve har Bergen kirkelige fellesråd ved Akasia, gjort ein del utvendig vedlikehald på kyrkjebygget. Deler av kyrkja ble måla med kalkmåling, nokre av trekrossa vart vølte og grøntområda vart sett flott i stand. I 2023 fekk Ytre Arna kirke nytt sikringsgjerde på nedsida av kyrkja. I 2024 ble tilsvarande gjerde påbegynt på oversida av kyrkja, fullførast januar 2025.

## Bevaringsprogrammet for kulturhistorisk verdifulle kyrkjer

Barne- og familieminister Kjersti Toppe vitja Ytre Arna kyrkje i april. Dette i høve tildeling av midler over statsbudsjettet og fra Allstad (OVF fondet) m.a. til listeførte kyrkjer oppført etter 1850. Begge kyrkjene i Arna står på denne lista.

## Kyrkjelydshuset

Det er gjort naudsynt drenering på nordsida av kyrkjelydshuset, vindauge i kjellaren er murte att og muren ned mot hovudvegen er vølt. Arbeidet er utført av Akasia.

## Husstyret

Helge Bognøy og Jan Olav Lien Hansen følgjer opp drifta av huset; m.a. brannansvar for bygget, løpande vedlikehald, innkjøp av forbruksvarer mv. Dei har fått på plass ny ytterdør og nytt toalett.

## Basar

Til inntekt for drift og vedlikehald av kyrkjelydshuset. Komité: Jorunn Haukås, Kirsti Rolland, Alise Bjørnestad og Marit Blomdal. Til basaren i mars vet vart selt lodd og årer for kr 43.550.

## Utleige

Ytre Arna Sanitetsforening leiger fast til Eldretreff, medlems- og styremøter. Foreninga runda 115 år i 2024 og la feiringa til kyrkjelydshuset. Dei gjer ein flott innsats for at Ytre Arna framleis skal vere eit trygt og godt lokalsamfunn for unge og eldre.

Det er lite utleige til privatpersoner, det var 7 i 2024. Samla innbetalt leige var kr 7500.



# Økonomi

## Rekneskapsførsel og revisjon

Ytre Arna sokn sin rekneskapsførsel ivaretakast av Bergen kirkelige fellesråd ved Aider AS. Revisor er Deloitte AS. Dagleg leiar har ansvar for økonomistyring, offerhandsaming, handtering av bilag, innkjøp, samt å leggje frem økonomiske rapporter og årsrekneskap for soknerådet. Ytre Arna sokneråd godkjenner årleg budsjett for soknet. Det er Ytre Arna sokneråd sin vurdering at årsrekneskapen syner eit korrekt bilete av resultat og stilling per 31. desember 2024. Driftsrekneskapen vart oppgjort med eit netto driftsresultat med eit mindreforbruk på kr 109.060. Fastsettinga av årets meir- og mindreforbruk vert vedteke av soknerådet.

## Framstilling i høve likestilling og diskrimineringslovgivinga

### Ytre Arna sokn

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i styrande organ vert avgjord gjennom demokratiske val. Dei 6 medlemmene i Ytre Arna sokneråd vert valde av medlemene i soknet kvart 4. år. For perioden 2024-2027 er fordelinga av dei faste folkevalde medlemmene i rådet 3 kvinner og 3 menn.

### Likestillingstiltak

Dei fleste som arbeider i Ytre Arna kyrkjelyd er tilsett hos Bergen kirkelige fellesråd eller Bjørgvin bispedøme. Som arbeidsgivarar har organisasjonane aktive strategiar for å unngå diskriminering og kan setje i verk tiltak om nødvendig. Ytre Arna sokn har nokre få tilsette i små engasjement/stillingar, og soknerådet har samarbeidsavtale med fellesrådet om det formelle arbeidsgjevaransvaret og lønnsutbetaling for nokre av desse.

### Avgrensingar

Ytre Arna sokn har inga avgrensingar når det gjeld tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag. Det er heller ikkje segregerte, herunder kjønnsdelte, aktivitetar eller tilbod.

Tilgang for menneske med funksjonsnedsetting med tanke på universell utforming av bygg: Det er teleslynge for dei med nedsett høyrsel i kyrkjerom og kyrkjelydshus. Det manglar m.a. leie-liner for synshemma til kyrkjedøra. Med trinnfri tilkomst til kyrkjerommet, er det lett for rørsle-hemma å komme inn. Opp trappa i koret er det lause skinner som ikkje fungerer godt nok. Det finnes HC-toalett utanfor kyrkja og i kyrkjelydshuset.